

## Kåserer om stril og bergensar

**EKNES:** På bokkafeen i Eknesvågen søndag (15.00) er forholdet mellom stril og bergensar tema for professor John Ragnar Myking sitt kåseri. Han tar eit skråblikk frå mellomalderen og fram til i dag. Kåseriet som har fått tittelen Strilandet og Bergen. Kåseriet inngår i den store satsinga Eknesvågens Venner har lagt ned i samband med Kystsovekevene. Du kan samtidig sjå ei utstillinga om lokal kystkultur.

## 21 sjukeheimplassar til korttidsplass

**LINDÅS:** Ialt 21 av dagens sjukeheimplassar skal frå nyttår øymerkast til korttidsplassar.

Auken i korttidsplassar gjer at talet på faste plassar for heildøgns omsorg blir redusert. Det vil samtidig auka behovet for å koma igang med planlegginga av demens-institusjonen Lyngtunet, konstaterer Lindås-politikarane.

I samband med overføringa til korttidsplassar legg Lindås-politikarane opp til å styrka bemanninga med 1,2 årsverk i pleie og omsorg, 0,2 årsverk som tilsynslege, og eit halvt år som fysioterapeut. Eldrerådet i Lindås går inn for forslaget, men ser samtidig med uro på at kommunen kan koma i ein situasjon der ein manglar plassar til pleietrengande. Eldrerådet vil også ha ei full stilling som ergoterapeut. Formannskapet seier i sitt vedtak at dette tiltaket årleg skal bli vurdert i forhold til intensjonane med desse plassane. 21 sjukeheimplassar til korttidsplassar



**JAKTAR TRENINGSKONTAKTAR:** Idrettsråda og frivilligsentralane i fem kommunar går saman om å utdanna treningskontaktar. Frå venstre Kristin Rongevær, Per Ole Ekker, Marianne Kolstad Tjore, Harriet Molland, Irene Kjønnrød, Nina Randal, Anne Kristine Aas, Bjørn Tore Hesjedal, Nils Marton Aadland og Camilla Haukeland.

# - Supert samarbeid

**NORDHORDLAND:** Dei jaktar treningskontaktar i eit unikt samarbeid. Frivilligsentralane og idrettsråda i regionen går saman om å tilby kurs. Idrettskretsen jublar.

**ARTHUR KLEIVELAND**  
arthur@nordhordland.no

Utdanninga av fleire treningskontaktar er eit viktig slag for fol-

kehelsa. Idrettsråda og frivilligsentralane i fem kommunar går saman om eit opplegg for å få fleire treningskontaktar. Hordaland Idrettskrets står bak kursopplegget.

Idrettskretsen kallar satsinga eit unikt samarbeidsprosjekt.

### Nasegrus beundring

– Eg er nasegrus av beundring over det omfattande samarbeidet mellom kommunane og idrettsråda i regionen. Det finst knapt maken på landsbasis. Alle har vist stor entusiasme frå første

start. Dette er eit samarbeid som både kommunane og idretten vil ha mykje igjen for, seier rådgjevar Anne Kristine Aas i Hordaland Idrettskrets.

Ho understrekar at idretten har ei viktig oppgåve med å inkludera dei som fell utanfor det sosiale fellesskapet. Både Kristin Rongevær, koordinator for støttekontakt og avlastning i Lindås kommune, og Camilla Haukeland i NAV Masfjorden stadfestar at det er betydeleg behov for treningskontaktar i det offentlege.

– Mange sit einsame i dagens

samfunn, og treng nokon som kan vera med dei på fysiske aktivitetar, seier Rongevær.

### Tilbod til nye grupper

Også mange idrettslag dekkar kostnadane for å få folk til å ta denne utdanninga.

– Dette er eit flott opplegg for å trekkja fleire grupper med i idrettsaktivitet, og opna for nye tilbod, seier Bjørn Tore Hesjedal, leiar i idrettsrådet i Meland.

Det første kurset går over to helger - i Meland Aktiv 16.-

18.september og i Radøyhallen første helga i oktober.

– Du treng slett ikkje vera supertrent for å vera treningskontakt, men du må like å vera i fysisk aktivitet, understrekar Anne Kristine Aas i idrettskretsen.

Det blir nye kurs kvart år framover. – Vi ønskjer å bygga opp ein stamme av treningskontaktar i Nordhordland, seier Nina Randal i frivilligsentralen i Meland.